



Arne Ove Husebø
Husebøvegen 60
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1351 - 19/13348

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@meland.kommune.no

Dato:
20.06.2019

Melding om feil ved septiktank - GBNR.54/6

Meland kommune er forureiningsmynde etter forurensingslova og har plikt til å følgje opp meldingar om mogleg forureining eller fare for forureining.

Når det er fare for forureining i strid med forurensingslova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørge for å stansa, fjerne eller avgrensa forureininga, jfr. forurensingslova § 7.

Meland kommune har 04.06.2019 motteke melding frå Norva 24 Vest AS om høg vannstand i septiktanken på eigedomen dykkar, gnr. 54, bnr. 6. I meldinga vert det og informert om at avfall frå mjølkerommet blir spylt i septiktanken. Vaskevatt i frå mjølkerommet fører til at gjæringsprosessen ikkje fungerer slik den skal og at massen i tanken vert klumpete, sjå vedlagte bilde av tanken. Avfall frå fjøsbygningane skal ikkje spylast i i septiktank tilkopa boligen, men i separate avløpssystemer i gårdsdriften, f. eks i gjødselskjeller/gjødsellager.

Tilstanden må utbetrast snarast, sidan Norva 24 Vest AS ikkje får tømt tanken som planlagt. Siste frist for utbetringa vert sett til tidspunkt for neste tømning av septiktanken, som i følgje Norva 24 Vest AS vil bli utført i perioden april til juli 2021. Då de som eigare av septiktanken no har fått ein lang fristperiode for utbetring, vil det ikkje bli gitt forlenging av denne etter dette.

For å få utbetra septiktanken må de kontakte eit godkjent rørleggarforetak eller foretak som har ansvar for tømning av tanken. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan de sjølve utføre dette arbeide.

Dersom tilstanden allereie er utbetra ber vi om tilbakemelding på dette i vedlagt skjema.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Dersom de meiner at opplysningane våre ikkje er rette eller at det fins andre grunnar til at de ikkje har plikt til å utbetra lekkasjen, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Dersom kommunen ikkje har mottatt skriftleg tilbakemelding innan fristen om at arbeidet er utført, vil kommunen vurdere å gje pålegg om utbetring, jf. forurl. § 7. Det vil samstundes bli vurdert å fastsetja tvangsmulkt, jfr. forurensingslova § 73.

Tilbakemelding

Når lekkasjen er reparert må de fylla ut vedlagte tilbakemeldingsskjema for utført arbeid og returnera det til kommunen. Skjema sendes til:

- postmottak@meland.kommune.no eller
- Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG

Spørsmål i saka kan rettast til saksbehandlar på telefon 56 17 10 00 eller på e-post.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Astrid Riise
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

GBNR 54-6 Skjema for tilbakemelding
AnleggID=68556_OppdragID=2179582_DSC00205

Mottakere:

Arne Ove Husebø

Husebøvegen 60 5917

ROSSLAND

Marianne Hjelle Husebø

Husebøvegen 60 5917

ROSSLAND